



Rune Kråkenes Bårøy
Bårøyna 2
5970 Byrknesøy

Referansenr.	Saksnr.	Saksh.	Dykkar ref.	Vedtaksdato
26/43880	26/2903	Arild Knutsen - 56 57 50 00 post@bjornafjorden.kommune.no		16.06.2026

Vedtak om dispensasjon og rammeløyve - 51/499 - Kuvågvegen - Nybygg naust og kai

Tiltak:
Byggjestad: Gbnr: 51/499
Tiltakshavar: Rune Kråkenes Bårøy
Bårøyna 2
5970 Byrknesøy

Ansvarleg søkjar:

Delegasjonssak nr.: 417/2026

Vedtak

Dispensasjon

Bjørnafjorden kommune gir dispensasjon frå tiltaksforbodet langs sjøen, etter plan- og bygningslova § 1-8, for oppføring av naust og kai, slik som det går fram av søknaden og i oppdatert planteikning av 16.06.2026. Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Dispensasjon

Bjørnafjorden kommune gir dispensasjon frå arealbruksføremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone», for oppføring av kai, slik som det går fram av søknaden.

Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga. Dispensasjonen er gitt på vilkår av at:

1. Eventuelt arbeid med mudring og utfylling av massar i sjø blir utført utanom tidsrommet januar–april, som er torsken si gytetid.
2. Arbeid blir utført skånsamt for å unngå unødvendig påverking på det omkringliggende miljø, dette for å til dømes minimere partikkeloppvirvling og spreining.
3. For å hindre utgliding av massar og eventuelt oppgrunning utanfor må det dokumenterast at fyllinga blir plassert på stabil grunn.
4. Fyllingsskråninga må plastrast med tilstrekkeleg stor stein for å forhindre utvasking av massar, og murene over lågvatn må stå fram med jamn overflate og pent utsjånad.

Dispensasjon

Bjørnafjorden kommune gir dispensasjon frå kravet til parkering jf. føresegn KDPA 10.10 sitt krav til parkering for oppføring av naust, slik som det går fram av søknaden. Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.



Rammeløyve

Bjørnafjorden kommune gir rammeløyve for oppføring av naust og kai, slik som det går fram av søknaden. Løyvet er gitt på følgende vilkår:

Før ein kan få ferdigattest / mellombels bruksløyve for tiltaket skal ein ha følgjande dokumentasjon:

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3. Ein gjer merksam på at godkjent tiltak er beskrive over. Andre tiltak som går fram av teikningar, men som ikkje er oppgjeve i søknaden, er ikkje del av dette løyvet.

Generelle vilkår:

Rammeløyve gir ikkje tilgang til å sette i gang arbeid på byggeplass. Dette skjer gjennom søknad om igangsettingsløyve med tilhøyrande dokumentasjon av ansvarlege føretak.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, slik at ein må søke igangsetting og fysisk igangsette tiltaket før denne fristen. Er ikkje tiltaket lovleg sett i gang, fell løyvet bort etter dette. Det same gjeld dersom arbeidet stoppar i lengre tid enn 2 år, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld òg dispensasjonsløyvet.

Dersom ein ønsker å endre tiltaket i høve til denne godkjenninga, må det søkast særskilt om dette.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Informasjon om tilsyn

Byggesak prioriterer tilsyn med følgjande område jf. Tilsynsstrategien 2025-2026:

1. At det er utarbeidd dokumentasjon for oppfylling av krav til sikkerheit mot naturfarar, jf. SAK10 § 5-4.
2. At etablering av hyblar eller bueiningar i eksisterande bygg er omsøkt og lovlege, jf. SAK10 § 2-1 og § 2-2. Det vil være eit særleg fokus på at tekniske krav er oppfylt ved bruksendring til sjølvstendig bueining.

Dersom de blir valt ut som tilsynssak i høve desse område, vil de få eit skriv av tilsynsavdelinga med nærare informasjon.

I tillegg prioriterast stadleg og/eller dokument tilsyn ved søknad om ferdigattest og mellombels bruksløyve, særleg ved nybygg bustad og større næringsbygg. Tilsynsavdeling tek kontakt for avtale om tilsyn.

Ved søknad om ferdigattest må de sende inn stikningsdata for tiltaket. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon.



1. Saksopplysningar

1.1. Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av eit naust og kai. Kaien vil ha eit bruksareal (BRA) på 35 m² og bygd areal (BYA) 39,96 m². Kaien skal vere på 5,4 x 2 meter.

Det blir elles vist til søknad motteke 08.05.2026 og til nye teikningar datert 16.06.2026 der det ikkje er vist toalett eller våtrom.

1.2 Planstatus

Eigedom ligg i eit uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for arealbruken i Bjørnafjorden vest (KDPA) er definert som område for oppføring av naust. I sjøen er det gjeldande arealbruksformålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone» (FFNF). Det er behov for dispensasjon frå tiltaksforbodet langs sjøen og dispensasjon frå arealbruksformålet i sjøen.

1.2.1. Unntak frå plankrav

I KDPA ligg det eit generelt krav om det å utarbeide reguleringsplan (jf. føresegn 2.2.1). I KDPA føresegn 2.3 er det synt til at kommunen etter vilkår, kan gi unntak frå plankrav for mindre utbyggingstiltak i utbygde område, i tråd med kommuneplanen, plan- og bygningslova sine generelle føresegner, som ikkje forringer visuelle kvalitetar i omgjevnadene, og der det ikkje er stilt krav om felles planlegging. I søknaden er det søkt om unntak frå kravet om å utarbeide reguleringsplan, og det er argumentert ut frå dei her nemnte unntaksvilkåra. Unntaksvilkåra er at:

- a) Området er ikkje eit transformasjonsområde, eller tiltaket vil ikkje vere til hinder for framtidig regulering av området.
- b) Nye bygg og anlegg kan innpassast i ein etablert struktur, utan at den endrar strukturen sitt vesen.
- c) Nye bygg og anlegg skal underordne seg eksisterande bygde omgjevnader når det gjeld byggehøgde, og volum.
- d) Eksisterande teknisk infrastruktur og transportsystem har tilstrekkeleg kapasitet t.d. avkøyrslar, kryss, veg, trygg skuleveg m.v., eller eventuelt behov for oppgradering kan sikrast ved byggesakshandsaming.
- e) Tiltaket har tilstrekkeleg leike- og fellesareal. Tiltaket fjernar heller ikkje, eller vesentleg forringar, felles leike- eller naturområde.
- f) Omsynet til kulturmiljø er belyst og vareteke.

Etter på ha lest søknaden i lys av unntaksvilkåra som er å finne i KDPA si føresegn 2.3, ser byggesaksavdelinga ser at det i denne saka kan bli gitt unntak frå plankravet.

Administrasjonen finn at omsøkte tiltak kan bli unntatt frå plankrav.

1.3. Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg føre merknader frå nabo, eigar av gbnr. 51/41. Merknaden gjeld eit ønske om å mudre vågen. Då merknaden ikkje er relevant for det tiltaket som her blir godkjent, har ikkje kommuneadministrasjonen tatt stilling til merknaden, men vi set merknadstillar som kopimottakar til vedtaket.

1.4. Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 03.03.2026. Høgd for ok golv i 1. etasje blir godkjent på kote +1,8 m, topp møne kote + 6,8 m og topp gesims kote +5 m.



Tiltaket skal plasserast i terrenget av godkjent føretak. Dokumentasjon for plassering skal sendast inn til kommunen for ajourføring av kart. Koordinatar skal leverast i digitalt format med koordinatar i koordinatsystem Euref89 og med temakodar i samsvar med gjeldande SOSI-produktspesifikasjon

1.5. Vatn og avløp (VA)

Ikkje relevant. I utgangspunktet blei det søkt om å ha toalett i naustet, men etter å ha vore i kontakt med kommunen har tiltakshavar trekt denne delen av tiltaket. Tiltakshavar har med dette i revidert planteikning, ettersendt i e-post av 16.06.2025, fjerna WC frå bygget. Tiltaket er med dette ikkje avhengig av ei førehandsomtale frå kommunen si VA-avdeling.

1.6. Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentleg veg via godkjent avkøyrsløp i samsvar med pbl. § 27-4. Det er gitt løyve til auka bruk av avkøyrsløp i administrativt vedtak jf. delegeringssak 523/2026 datert 05.06.2026, jf. arkivsak 26/5732.

Når det gjeld parkering, skriv tiltakshavarane at på grunn av det avgrensa arealet på tomta, bratt terreng og nærleik til sjøen, er det ikkje mogleg eller føremålstenleg å etablere parkeringsplass på sjølve eigedomen eller i nærleiken av denne. Vidare legg dei vekt på at parkeringsmoglegheita ligg i dei eksisterande parkeringsareala i rimeleg gangavstand frå naustet. Dei legg til at desse areala er lett tilgjengelege, trygge å bruke, og at areala har tilstrekkeleg kapasitet til å dekke behovet for parkering knytt til naustet. Dei skriv at dei «ber om at kommunen vurderer denne løsningen som tilfredsstillende tilgang til parkering for tiltaket, i samsvar med regelverkets intensjon».

1.7. Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

1.8. Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17), jf. pbl. § 29-5.

1.9. Uttale frå anna mynde

Søknad om dispensasjon er sendt på uttale til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Fiskeridirektoratet og Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS. Det er mottatt uttale frå Fiskeridirektoratet, datert 10.04.2026 og frå Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS, datert 26.05.2026.

Fiskeridirektoratet skriv at det kan bli gitt dispensasjonen på vilkår av at eventuelle arbeid med mudring og utfylling av massar i sjø blir utført utanom tidsrommet januar–april, som er torsken si gytetid.

Bergen Havn farvannsforvaltning minner om at tiltaket er òg søknadspliktig etter havne- og farvannsloven, og skriv elles at:

«Arbeider må utføres skånsomt for å unngå unødvendig påvirkning på det omkringliggende miljø, eksempelvis begrense partikkeloppvirvling/spredning osv. For å hindre utglidning av masser og eventuelt oppgrunning utenfor må det dokumenteres at fyllingen legges på stabil grunn. Fyllingsskråningen må plastres med tilstrekkelig



stor stein for å forhindre utvasking av masser, og murene over lavvann må fremstå med jevn overflate og pent utseende.»

Då det er søkt om dispensasjon frå kravet til parkering jf. føresegn KDPA 10.10 sitt krav til parkering for oppføring av naust, har byggesaksavdelinga sendt søknad om dispensasjon til uttale til eigedomsforvaltaren i kommunen. Vi har ikkje mottatt uttale om dette.

2. Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå tiltaksforbodet langs sjøen etter pbl. § 1-8, dispensasjon frå arealbruksformålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsoner» (FFNF). I tillegg er det krav om dispensasjon frå KDPA for Bjørnafjorden vest si føresegn 6.5 som opplyser at naust med egne gards- og bruksnummer skal ha 0,2 parkeringsplass og 1 sykkelparkering.

2.1. Grunngeving:

Når det gjeld søknad om dispensasjon frå pbl. § 1-8, er det søkt med slik grunngeving:

«Tilpasning til eksisterende bebyggelse: Det omsøkte tiltaket plasseres i et område der det allerede står naust og annen sjørelatert bebyggelse, slik at tiltaket ikke medfører ytterligere privatisering eller forringelse av allmennhetens tilgang.

Tradisjonell bruk: Plasseringen er i tråd med tradisjonell beliggenhet for naust, som historisk alltid har ligget nært vannlinjen for å ivareta funksjonalitet.

Minimale terrenginngrep: Bygging i planlagt plassering vil kreve mindre inngrep enn alternative plasseringer lenger fra sjøen.

Visuell tilpasning: Naustet vil utformes i tråd med eksisterende bygg i området, både i størrelse, materialvalg og fargebruk, slik at det harmonerer med landskapsbildet.

Funksjonelle hensyn: Naustets funksjon er knyttet til sjøbruk, og plassering nær vannet er nødvendig for praktisk bruk, sikker iland- og opplasting.

Ingen hindring for ferdsel: Tiltaket vil ikke hindre ferdsel langs strandsonen eller til sjøs.»

Når det gjeld søknad om dispensasjon frå kravet om parkering, syner søkjar til at lite areal, bratt terreng og nærleik til sjøen gjer det ikkje umogleg og heller ikkje formålstenleg å etablere parkering på eigedomen. I staden blir det vist til at eksisterande parkeringsplassar i gangavstand er tilgjengelege og at desse har nok kapasitet.

Det blir bede om at kommunen godkjenner denne løysinga. Som grunngeving blir det vist til omsyn til natur og terreng, trafikktryggleik, eksisterande parkeringstilbod, avgrensa bruk av naustet, unødvendige kostnader, kulturmiljø og at løysinga totalt sett er rimeleg og tilfredsstillar formålet i regelverket.

Sjå elles vedlagt søknad.

2.2. Regelverk:

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gi dispensasjon etter pbl. § 19-2.



For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det blir dispensert frå, plan- og bygningslova sin formålsparagraf eller nasjonale eller regionale interesser ikkje bli vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulemperne, etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggst særleg vekt på konsekvensane dispensasjonen har for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan sette vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må ligge innanfor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (198485) s 102.

2.3. Vurdering:

Omsynet bak byggjeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde den fri for tiltak for å sikre allmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftinteresser, landskapsomsyn og verneinteresser.

Omsynet bak arealbruksformålet FFNF «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner» er kunne å balansere ønsket om å utnytte og beskytte sjø- og vassdragsområde, og å kunne sikre at ikkje éin type bruk fortrengr andre typar bruk. Dette inneber at ein må finne ei balansert forvaltning der bruk og vern går hand i hand, slik at naturverdiar, næringsinteresser og allmenn bruk blir tatt vare på.

Omsynet bak kravet om parkeringsplass er å sikre at naust har tilgjengeleg parkering, slik at bruken ikkje skapar trafikkproblem, ulemper for naboar eller skade på omgjevnadene, og at ferdsel skjer på ein trygg og forsvarleg måte

Byggesaksavdelinga si vurdering av det å dispensere frå pbl. § 1-8

Spørsmålet er først om dispensasjon vil føre til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak strandsonevernet etter pbl. § 1-8, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Slik byggesaksavdelinga ser det, er det faktum at det i det gjeldande området er sett av til naustføremål og det allereie er ført opp fleire naust i området, vil ikkje tiltaket gå vesentleg utover strandsonevernet. Det er ikkje sett byggegrens i KDPA, då hovudregelen er reguleringsplan, men i denne saka er området frådelt og delvis bygd allereie. Reguleringsplan kunne sett føresegn om utforming og plassering av tiltak, men administrasjonen vurderer at dette blir godt nok varetatt i KDPA. Parkering er søkt løyst gjennom bruk av offentleg parkeringsplass. Dette blir vurdert nærare under, men administrasjonen finn det positivt at det ikkje er søkt om parkering ved sjø/bak nausta.

Ein felles plass kunne vore løyst i reguleringsplan, men ein finn at dette ikkje er avgjerande i denne saka.

Samla sett finn administrasjonen det meir hensiktsmessig at naustområde blir samla, slik at inngrepa blir lagt same stad. Omsøkte område er frådelt og delvis opparbeida, og sjølv om reguleringsplan er hovudregelen kan ein ikkje sjå at dispensasjon i denne saka «vesentleg» tilsidesett omsyna bak byggegrensa.

Vurderinga er at dispensasjon ikkje vesentleg tilsidesett omsyna bak pbl. § 1-8, føremålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Spørsmålet er om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.



Omsøkte eigedom er frådelt som nausttomt, og ligg i eit område sett av til naust. Den største fordelten med dispensasjon er den private fordelten for tiltakshavar, men det kan også seiast å vere ein for del for eigedomen at den kan bli bygd i tråd med tenkt bruk.

Den aktuelle vika er sterkt privatisert gjennom frådelling av eigedomar og bygging av naust, og denne vika er truleg ikkje eit område som vil tiltrekke andre enn nausteigarane og deira besøkande. Administrasjonen kan ikkje sjå at omsøkte tiltak vil ha avgjerande effekt på privatiseringsverknaden i området.

Administrasjonen kan ikkje sjå at dispensasjon vil medføre store ulempe knytt til dei omsyna som byggeforbodet skal vareta. Fråver av ulempe er ikkje ein fordel i seg sjølv, men administrasjonen vurderer det som ein fordel å leggje til rette for at innbyggjarar kan nytte seg av sjøen til rekreasjon og fiske. Dette bidreg til god livskvalitet og folkehelse for innbyggjarane, noko som er positivt i eit samfunnsmessig perspektiv. Samla sett finn ein at det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gi dispensasjon

Om det å setje opp ein kai

Spørsmålet er først om dispensasjon vil føre til vesentleg tilsidesetting av omsyna bak FFNF-formålet, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

I søknaden viser søkjar til at tiltaket vil ha minimal miljøpåverknad, ved at det er planlagt med omsyn til eksisterande terreng og vegetasjon, og utan behov for omfattande inngrep som mudring eller utfylling. Kommuneadministrasjonen legg vekt på at dette talar for at tiltaket i avgrensa grad vil påverke naturmiljøet i strandsona. Tiltaket står fram som lite inngripande, og vil ikkje medføre vesentlege fysiske endringar av sjøbotn eller nærliggjande landareal. Omsynet bak tiltaksforbodet i plan- og bygningslova § 1-8, som mellom anna skal sikre natur- og landskapsverdiar i strandsona, blir etter dette ikkje vesentleg tilsidesett. Vidare viser søkjar til at kaiens utforming vil vere tilpassa lokal byggeskikk og det visuelle preget i området. Kommuneadministrasjonen vurderer at ei slik lokal tilpassing vil bidra til at tiltaket i liten grad vil verke skjemma eller dominerande i landskapet. Omsynet til landskapsbiletet og estetiske verdiar, blir såleis ivareteke.

Når det gjeld allmennheita sine interesser, viser søkjar til at kaien vil ikkje hindre ferdsel langs sjøen eller i området. Kommuneadministrasjonen finn det viktig at strandsona framleis er tilgjengeleg for allmenta, og legg til grunn at den planlagde plasseringa av kaien ikkje vil føre til privatisering eller funksjonelle hinder for ferdsel. Dermed blir ikkje omsynet til allmenn ferdsel og friluftsliv vesentleg råka av tiltaket.

På bakgrunn av ei samla vurdering finn kommuneadministrasjonen at tiltaket ikkje fører til ei vesentleg tilsidesetting av omsyna bak tiltaksforbodet i pbl. § 1-8. Tilsvarande gjeld for arealbruksføremålet FFNF, då tiltaket er avgrensa i omfang, godt tilpassa omgjevnadene og utan nemneverdig konflikt med natur- og friluftsinteresser. Vurderinga er at dispensasjon ikkje vesentleg tilsidesett omsyna bak FFNF-formålet, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser.

Spørsmålet er om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

I søknaden viser søkjar til at etablering av kai vil gje betre funksjonalitet og auka tryggleik ved bruk av naustet. Kommuneadministrasjonen legg vekt på at trygg tilkomst til sjø og naust er eit vesentleg moment, særleg i område med varierende sjøforhold. Ei kai vil kunne redusere risiko ved ilandstiging og gjere bruken av eigedomen meir føreseieleg og sikker.

Dette er ein klar fordel både for tiltakshavar og for annan lokal bruk av området, og det veg tungt i vurderinga.

Vidare viser søkjar til at fordelane ved tiltaket overstig ulempene ved avvik frå gjeldande planar og byggegrenser. Kommuneadministrasjonen vurderer at tiltaket er avgrensa i omfang og at konsekvensane for natur, landskap og allmenne interesser er små. Dispensasjon frå både tiltaksforbodet i pbl. § 1-8 og arealbruksføremålet FFNF vil i dette tilfellet i liten grad undergrave dei overordna omsyna bak regelverket. Samstundes vil tiltaket gje konkret nytteverdi i form av betre bruk, auka tryggleik og meir hensiktsmessig tilrettelegging for eksisterande bygg og aktivitet.

Når det gjeld alternativ plassering, viser søkjar til at det ikkje finst eigna alternativ som kan gje tilsvarende funksjonalitet utan å kome i konflikt med FFNF-området. Kommuneadministrasjonen legg dette til grunn, og vurderer at mangelen på reelle alternativ styrkjer behovet for å kunne dispensere. Dersom tiltaket ikkje vert tillate, vil det i praksis vere vanskeleg å oppnå ei trygg og funksjonell løysing for tilkomsten til naustet.

Etter ei samla vurdering finn kommuneadministrasjonen at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene. Tiltaket medverkar til auka tryggleik og funksjonalitet, samstundes som det har avgrensa negative konsekvensar for dei omsyna som ligg bak tiltaksforbodet langs sjøen og arealbruksføremålet FFNF.

Vurderinga er at det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon.

Byggesaksavdelinga si vurdering av det å dispensere frå krav om parkeringsplass
I søknaden er det synt til at føremålet med parkeringsføresegna er å sikre god tilgjenge til eigedomen og bygget, styrkje trafikksikkerheita og hindre at allmenn ferdsel og naboar blir negativt påverka av parkeringsforholda.

Søkar argumenterer med at desse forholda er vareteke ved at det finst ein offentleg parkeringsplass i nærleiken som gir trygg og føremålstenleg tilkomst til naustet, utan å skape konflikt med naboar eller allmenn ferdsel. Vi ser at dette er gode argument, og vi er einig i søkar si vurdering. Då særleg ut frå at vi kan vanskeleg sjå føre oss at det kunne ha blitt utvikla andre parkeringsløysingar for nausta i området, utan at dette hadde gått utover arealbruksføremålet grøstruktur og det statlege tiltaksforbodet etter pbl. § 1-8 langs sjøen.

Vi ser òg at søkar har gode poeng når dei syner til at det ikkje er avdekt fysiske eller juridiske hinder som gjer parkeringsplassen utilgjengeleg. Vi vurderer det slik at omsyna til trafikksikkerheit og tilgjenge er godt tatt vare på. På denne bakgrunnen meiner byggesaksavdelinga at dei omsyna som parkeringsføresegna skal vareta, ikkje blir vesentleg tilsidesette ved å gi dispensasjon.

Vidare ser avdelinga positivt på dei fordelane tiltakshavar har peika på. Dispensasjonen vil gjere det mogleg å nytte eigedomen på ein føremålstenleg måte. Byggesaksavdelinga vurderer at det ikkje ligg føre vesentlege ulemper for allmennheita, naboar eller kommunen ved å gi dispensasjon. Dette då parkeringsbehovet er dekt utan nye inngrep eller trafikkmessige konsekvensar. Vurderinga er at dispensasjon ikkje vesentleg tilsidesett omsyna bak parkeringskravet, formålsparagrafen eller nasjonale eller regionale interesser. Spørsmålet er om det er «klart» større fordelar enn ulemper med å gje dispensasjon. Slik byggesaksavdelinga ser det vil det alltid vere ein fordel å ha ein parkeringsplass til eit naust. Samstundes ser vi at det her er mogeleg å nytte ein offentleg parkeringsplass som ligg i nærleiken, slik som søkar viser til.



Å bygge ein felles parkeringsplass for naustområdet ville gått ut over areal sett av til grøntstruktur, eller kunne ført til at nausteigarane begynte å parkere ved nausta. Det er ønskeleg at parkering skjer utanfor strandsona, noko som er tilfelle ved å nytte den offentlege parkeringsplassen.

At nausteigarane nyttar den offentlege parkeringsplassen, kan fortrenge andre besøkande.

På den anna sida har nausteigarane også mogelegheit til å nytte seg av offentlege friområde, og den prinsipielle forskjellen på å parkere for å nytte seg av offentlig strand eller privat naust for å utøve friluftsliv er ikkje stor. Dersom ein hadde dokumentert parkeringsrett på nærliggjande eigedom er det også truleg at nausteigarar hadde nytta den offentlege parkeringsplassen uansett, dersom denne var nærmare eller meir praktisk å nytte. Vi ser dermed at det å godkjenne naustbygging her vil vere i tråd med ønske om ei føreseieleg utvikling, jf. pbl. § 1-1. Vurderinga vår er at dette vil gi «klart» større fordelar enn ulemper med å gi dispensasjon.

«Kan»-vurdering

Då ein har funnet at dei materielle vilkåra for dispensasjon er oppfylt, «kan» det bli gitt dispensasjon. Det blir vist til praksis i Bjørnafjorden kommune, kor det blir sagt ja til dispensasjon dersom det ikkje er avgjerande grunnar som talar for å seie nei. Det føreligg ikkje slike avgjerande grunnar, og ein nyttar derfor «kan»-skjønnet til å godkjenne dispensasjon på dei vilkåra som er nemnde over.

3. Andre vurderingar

3.1. Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

3.2. Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

3.3. Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8–12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå sektormynd. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova. Kunnskapsgrunnet er funnet å vere tilstrekkeleg, jf. § 8.

4. Andre opplysningar

4.1. Mellombels bruksløyve / Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

4.2. Mynde

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

4.3. Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Du kan klage på vedtaket. jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå du mottar melding om vedtak. Det er nok at klagen din er postlagt innan fristen går ut.



Du må sende klagen skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar du ønsker. Du må grunngi klagen.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing

Andrea Heitman Olsen
Leder - Byggesak

Arild Knutsen
Rådgjevar - Byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

51/499 - Kuvågvegen - Søknad om nybygg naust

Situasjonsplan

Plan, snitt, fasade - naust med markert kai

Plan, snitt, fasade - naust

Plan, snitt, fasade - naust

Gjennomføringsplan

51/499 - Søknad om dispensasjon

Søknad om dispensasjon frå PBL § 1-8 og § 19-2 - krav om byggegrense mot sjø

Søknad om dispensasjon frå PBL § 28-7 - parkering

Søknad om dispensasjon - unntak frå plankravene

51/499 - Uttale frå Fiskeridirektoratet

51/499 - Uttale frå Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS

Kopi til:

Bergen Havn As	Postboks 6040	5892	Bergen
----------------	---------------	------	--------

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen
---------------------	----------------------	------	--------

Gerhard August Hansen

Kystverket	Postboks 1502	6025	Ålesund
------------	---------------	------	---------

Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
-----------------------------	--------------	------	-----------

Vestland Fylkeskommune	Askedalen 2	6863	Leikanger
------------------------	-------------	------	-----------



Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)		Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)	
		Dato	
③ Mottakar (namn og adresse)		④ Klageinstans	
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med. Klagerett De har rett til å klage på vedtaket. Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk . Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk ④. Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det. Rett til å krevje grunngjeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga. Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast. Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort. Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk . De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen. Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk ④) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning. Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.			
Særlege opplysningar			

0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve